

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), signert 12.03.2026 med Signicat Sign BANKID
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), signert 12.03.2026 med Signicat Sign BANKID
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), signert 12.03.2026 med Signicat Sign BANKID
- Borg, Trond (24.08.1974), signert 13.03.2026 med Signicat Sign BANKID
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), signert 22.03.2026 med Signicat Sign BANKID
- Eriksen, Ruth Grethe Østebøvik (13.10.1963), signert 23.03.2026 med Signicat Sign BANKID
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), signert 24.03.2026 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet inneholder

En forside med informasjon om signaturene, alle originaldokumenter og digitale signaturer.



Dokumentet er forseglet av Posten Bring

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Bring AS. Posten garanterer for autenticiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

En digital signatur er kun gyldig digitalt. Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er signert av Posten Bring AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

ID 484.26
MH/thm

Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet

Fredag 13. februar 2025 kl. 09.30 – 15.00, Wärtsilä Norway AS, Bømlo

Desse møtte:

Sunnhordlandsrådet:

Bente Kari Sletten Taranger	Austevoll kommune
Morten Helland	Bømlo kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Etne kommune
Vegard Bjørnevik	Kvinnherad kommune
Sigbjørn Framnes	Stord kommune
Ruth Eriksen	Sveio kommune
Trond Borg	Tysnes kommune

Kommunedirektørar/rådmann:

Hogne Haugsdal	Austevoll kommune
Kjetil Aga Gjøsæter	Bømlo kommune
Åsmund Sekse	Etne kommune
Steinar Dalland	Fitjar kommune
Leif Ove Mikkelsen	Kvinnherad kommune
Marianne Jacobsen Hilt	Stord kommune
Jostein Førre	Sveio kommune
Aud Gunn Løklingsholm	Tysnes kommune

Andre:

Hans-Petter Nesse	Wärtsilä Norway AS
Ivar Ingvaldsen	Wärtsilä Norway AS
Bent Gunnar Næss	Region Nordhordland IKS

Frå administrasjonen:

Tora Haslum Myklebust	Sunnhordlandsrådet IPR
-----------------------	------------------------

Fråfall Sunnhordlandsrådet:

Wenche Tislevoll	Fitjar kommune
------------------	----------------



Sakliste:

Sak 1/26	Godkjenning av sakslista
Sak 2/26	Val observatør Atheno
Sak 3/26	Val styremedlem Sunnhordland museum
Sak 4/26	Val representant destinasjonsleiinga Visit Sunnhordland
Sak 5/26	Tilbudsgrunnlag analyse utvikling arbeidsmarknaden i regionen
Sak 6/26	Drøftingssak: Formannskapskonferansen 2026
Sak 7/26	Drøftingssak: fellesmøte med Hardangerrådet 10. april
Sak 8/26	Drøftingssak: Strategiplan 2026-2029
Sak 9/26	Drøftingssak: Høyring av NOU 2026: 1 Ein berekraftig kommunesektor
Sak 10/26	Drøftingssak: Hummarfreding
Sak 11/26	Skriv og meldingar: a) Ny dato for studietur er 5-6. mai
Sak 12/26	Ymse

Sunnhordland, 17. februar 2026

Morten Helland
Leiar

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Dokumentet er signert digitalt av:

- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 12.03.2026
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 12.03.2026
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 12.03.2026
- Borg, Trond (24.08.1974), 13.03.2026
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 22.03.2026
- Eriksen, Ruth Grethe Østebøvik (13.10.1963), 23.03.2026
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 24.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet

Fredag 13. februar 2025 kl. 09.30 – 15.00, Wärtsilä Norway AS, Bømlo

Sak 1/26 Godkjenning av sakslista
Samrøystes vedteke, med saker til ymse.

Sak 2/26 Val observatør Atheno

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes som regionrådet sin observatør i Atheno AS sitt styre, med som vararepresentant, for perioden 2026-2027.

Samrøystes vedteke:

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes Morten Helland som regionrådet sin observatør i Atheno AS sitt styre, med Wenche Tislevoll som vararepresentant, for perioden 2026-2027.

Sak 3/26 Val styremedlem Sunnhordland museum

I møte orienterte dagleg leiar om at i framlegg til vedtak var det gjort ein feil. Sunnhordlandsrådet skulle i møte berre velje kva kommunar som skulle representera regionrådet i styre til Sunnhordland museum. Dei valde to kommunane, vel sin representant med vara sjølv.

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes følgjande styremedlemmer, med personlege varamedlemmer til Sunnhordland museum sitt styre:

1. som styremedlem, medsom personleg vara.
2. som styremedlem, medsom personleg vara.

Samrøystes vedteke:

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes Stord og Etne kommune som regionrådet sine representantar til Sunnhordland museum sitt styre. Stord og Etne kommunestyre utnemner kvar sin representant med personleg var for perioden 2026-2027.

Sak 4/26 Val representant destinasjonsleiinga Visit Sunnhordland

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes som regionrådet sin representant til Visit Sunnhordland si destinasjonsleiing, med som vararepresentant.

Samrøystes vedteke:

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes André Mundal Haukås som regionrådet sin representant til Visit Sunnhordland si destinasjonsleiing, med Morten Helland som vararepresentant.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 12.03.2026
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 12.03.2026
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 12.03.2026
- Borg, Trond (24.08.1974), 13.03.2026
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 22.03.2026
- Eriksen, Ruth Grethe Østebøvik (13.10.1963), 23.03.2026
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 24.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

Tilbudsgrunnlag analyse utvikling arbeidsmarknaden i regionen

I møte blei det drøfta ein anna prosentfordeling når ein skal vekte tilbydar. Det blei og drøfta å invitere Haugalandrådet til å samarbeid.

Framlegg til vedtak:

Til
Aktuelle tilbydarar

ANALYSE AV UTVIKLING I ARBEIDSMARKNADEN I SUNNHORDLAND

Sunnhordlandrådet IPR inviterer interesserte leverandørar til å gje tilbud på gjennomføring av ein analyse av utviklinga i arbeidsmarknaden i Sunnhordland. Næringslivet i Sunnhordland er i stor grad knytt til olje- og gassrelatert verksemd. Frå om lag 2027 ventar ein nedgang i aktivitet og ordrebøker, noko som kan påverke sysselsetting, busetnad og kommunal økonomi i regionen.

Sunnhordlandrådet IPR ønskjer difor å få gjennomført ein heilskapleg analyse som kartlegg korleis arbeidsmarknaden kan utvikle seg dei komande åra, kva konsekvensar dette kan få for regionen, og kva strategiske handlingsrom som finst for kommunane og næringslivet.

Analysen skal gi eit solid kunnskapsgrunnlag for vidare politiske og strategiske prioriteringar i regionen.

- Fagleg kvalitet og metode vert vekta 20 %.
- Gjennomføringsevne 20 %
- Pris, vert vekta 60 %
- Frist for ferdig leveranse 21.mai 2026

Svarfrist innan fredag 13.mars kl. 12.00 til tora@regionsunnhordland.no

Analysen skal minimum omfatte følgjande tema:**1. Kartlegging av dagens situasjon:**

- Sysselsettingsstruktur i regionen
- Avhengnad av olje- og gassrelatert aktivitet
- Kompetansesamansetjing i arbeidsstyrken
- Pendlemønster og arbeidsmarknadsintegrasjon
- Kommunal økonomisk sårbarheit

2. Framtidsanalyse:

- Scenario for utvikling i petroleumsrelatert aktivitet
- Konsekvensar for sysselsetting og arbeidsløyse
- Moglege effektar for busetnad og flyttmønster
- Konsekvensar for kommunal økonomi og tenestetilbod

3. Omstillingsmoglegheiter:

- Nye næringar og vekstområde i regionen
- Overførbar kompetanse frå petroleumssektoren
- Potensial innan grøn industri, energi, hav og teknologi
- Tiltak for kompetanseutvikling og omstilling



4. Strategiske anbefalinger:

- Forslag til tiltak for kommunane og regionen samla
- Prioriterte satsingsområde
- Tiltak for å sikre attraktivitet og busetnad
- Forslag til vidare oppfølging

Oppdraget skal levere:

- Hovudrapport med analysar og anbefalinger
- Kort samandrag til politisk bruk
- Presentasjon for Sunnhordlandrådet IPR
- Presentasjonsmateriell til vidare regional bruk
- Dokumentasjon av datagrunnlag og metode
- Rapporten skal leverast på nynorsk.

Metode og gjennomføring

Tilbydar skal skildre planlagt metode og gjennomføring, inkludert bruk av statistikk, analyseverktøy og prognosar. Det skal gjerast greie for korleis kommunar, næringsliv og andre relevante aktørar blir involverte i arbeidet.

Lokalkunnskap og dialog med regionale aktørar vil bli vektlagt.

Kompetansekrav

Tilbydar må dokumentere erfaring med arbeidsmarknadsanalyse, samfunnsøkonomiske utgreiingar og regionale utviklingsprosessar. Det skal leggjast ved referanseprosjekt og oversikt over prosjektteamet.

Tilbodet skal innehalde

- Tilbydar si forståing av oppdraget
- Metode og gjennomføring
- Framdriftsplan
- Prosjektorganisering og nøkkelpersonar
- Referanseprosjekt
- Pris og kostnadsoverslag

Samrøystes vedteke:

Sunnhordlandsrådet vedtok samrøystes følgjande endringar i utlysingsteksten:

- Fagleg kvalitet og metode vert vekta 30 %.
- Gjennomføringsevne 30 %
- Pris, vert vekta 40 %

Sunnhordlandsrådet vedtok at administrasjonen sender førespurnad til Haugalandsrådet om å delta i ringverknadsanalysen. Endeleg utlysingstekst, frist for ferdig leveranse og frist for å svare på tilbodet vil bli sett, så snart avklaring med Haugalandsrådet er vedtatt.

Sak 6/26

Drøftingssak: Formannskapskonferansen 2026

Det blei i møte drøfta om andre enn formannskapa kan inviterast til konferansen. Til dømes frå ungdomsråda og kommuneadministrasjonane. Med bakgrunn i at leiar Vestland ungdomsutval skal delta i programmet, var

Dokumentet er signert digitalt av:

- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 12.03.2026
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 12.03.2026
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 12.03.2026
- Borg, Trond (24.08.1974), 13.03.2026
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 22.03.2026
- Eriksen, Ruth Grethe Østebøvik (13.10.1963), 23.03.2026
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 24.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

det einigheit om å invitere leiarane for i ungdomsråda. Det var og eit ynskje frå nokon av kommunane å invitere alle gruppeleiarar.

Samrøystes vedteke:

Sunnhordlandsrådet vedtok samrøystes av leiarane av ungdomsråda vert invitert til Sunnhordland formannskapskonferanse den 6. mars. Kommunane står fritt til å invitere med andre gruppeleiarar, eller aktuelle frå administrasjonen, men hovudvekt er på at konferansen er for politikarar.

Sak 7/26

Drøftingssak: fellesmøte med Hardangerrådet 10. april

Det er Hardangerrådet som er vertskap den 10. april og set den endelege agendaen. I møte drøfta Sunnhordlandsrådet kva tema/saker som kan vere aktuelt å spele inn til Hardangerrådet. Til møte var følgjande tema spelt inn:

- Rein Hardangerfjord 2026 (spelt inn av begge regionråda)
- Ungdom og rus (spelt inn av Hardangerrådet)
- Brusselkontor (spelt inn av Hardangerrådet)
- Besøksbidrag (spelt inn av Hardangerrådet)
- Status prosjekt fjernarbeid Hardanger (spelt inn av Sunnhordlandsrådet)

I Sunnhordlandsrådet sitt møte kom det inn eit ynskje om å invitere Vestland fylkeskommune til å gje ein orientering om Regional transportplan.

Samrøystes vedteke:

Administrasjonen følger opp Hardangerrådet administrativt, med forslaget om å invitere Vestland fylkeskommune til møte den 10. april, for å halde ei orientering om RTP.

Sak 8/26

Drøftingssak: Strategiplan 2026-2029

I regionrådsmøte den 4. desember, så vedtok Sunnhordlandsrådet å sette ned ei arbeidsgruppa, som skal utarbeide forslag til ny strategiplan for Sunnhordlandsrådet, som beskriv overordna korleis ein ynskjer å utvikle Sunnhordland. Arbeidsgruppa består av:

- Hogne Haugsdal, kommunedirektør Austevoll
- Kjetil Aga Gjøsæter, kommunedirektør Bømlo
- Morten Helland, ordførar Bømlo
- Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, ordførar Etne
- Sigbjørn Framnes, ordførar Stord

Arbeidsgruppa har hatt to møter og arbeidet vert leia av Hogne Haugsdal. I møte den 13. februar presenterte Hogne dei overordna rammene og prosessen mot ferdig strategiplan. Framdriftsplanen ser slik ut:

- 13. februar: Presentasjon og forankring av prosess Sunnhordlandsrådet
- 25. mars: Møte i arbeidsgruppa – drøfte utfordringsbilde, mål og strategiar
- April: Mogleg nytt møte i arbeidsgruppa

Dokumentet er signert digitalt av:

- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 12.03.2026
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 12.03.2026
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 12.03.2026
- Borg, Trond (24.08.1974), 13.03.2026
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 22.03.2026
- Eriksen, Ruth Grethe Østebøvik (13.10.1963), 23.03.2026
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 24.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

- 5. – 6. mai: Legge fram utviklingsstrategi til diskusjon i Sunnhordlandsrådet
- Mai: Oppsummering i arbeidsgruppa
- 29. mai: Vedtak om ny utviklingsstrategi i Sunnhordlandsrådet
- Juni: Utarbeide felles kommunestyresak til alle kommunane – forankre utviklingsstrategien
- 3Q: Forankring i kommunestyra.

Samrøystes vedteke:

Sunnhordlandsrådet gav si støtte til den forelåtte prosessen og tidsramma.

Sak 9/26

Drøftingssak: Høyring av NOU 2026: 1 Ein berekraftig kommunesektor

I møte la rådsleiar fram forslag om at Kommunedirektørutvalet kunne gje sin vurdering av denne høyringa fyrst. Høyringsfristen er 16. april.

Samrøystes vedteke:

Sunnhordlandsrådet vedtok at kommunedirektør Kjetil Aga Gjøsæter skulle kalle inn til eit digitalt møte den 4. mars kl.09. Kommunedirektørutvalet må gje Sunnhordlandsrådet si tilråding i godt tid før fristen, slik at administrasjonen rekk å sette opp eit forslag til handsaming i Sunnhordlandsrådet den 10. april.

Sak 10/26

Drøftingssak: Hummarfreding

Saka om hummarfreding i Sunnhordland vart drøfta i møte. Det er ulik kunnskap om tematikken i Sunnhordlandsrådet. Med bakgrunn i det, bad regionrådet administrasjonen om å invitere Havforskningsinstituttet, til å halde ei orientering om status i Sunnhordland. Dette for at Sunnhordlandsrådet skal kunne ta ei kunnskapsbasert avgjersle i saka.

Samrøystes vedteke:

Administrasjonen invitera Havforskningsinstituttet til møte i Sunnhordlandsrådet, for å halde ei orientering om status hummarfiske i Sunnhordland.

Sak 11/26

Skriv og meldingar:

a) Ny dato for studietur er 5-6. mai

Sunnhordlandsrådet vedtok den 4. desember 2025, at administrasjonen planlegg studietur den 6-7. mai 2026, med utgangspunkt i møter med følgjande kommunar og orienteringar om deira omstillingsarbeid innan helsesektoren:

- Sveio
- Randaberg
- Time
- Gjessdal

Grunna kollisjon med Stord sitt møte i kommunestyre den 7. mai, er ny dato for studietur sett til 5-6. mai. Sunnhordlandsrådet bed administrasjonen om å sjekke status på dei ulike prosjekta innan helse hjå kommunane Sveio, Randaberg, Time og Gjessdal, og sette opp eit forslag til program.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 12.03.2026
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 12.03.2026
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 12.03.2026
- Borg, Trond (24.08.1974), 13.03.2026
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 22.03.2026
- Eriksen, Ruth Grethe Østebøvik (13.10.1963), 23.03.2026
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 24.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

a) Fråsegn: Sunnhordlandsruta -strategiske rammer og føringar for ny langvarig kontrakt frå 2030**Samrøystes vedteke:**

Sunnhordlandsrådet viser til Vestland fylkeskomme si oppfølging av nye anbod for Sunnhordlandsruta, og handsaming av saka «Sunnhordlandsruta -strategiske rammer og føringar for ny langvarig kontrakt frå 2030». Sunnhordlandsrådet vil gje følgjande fråsegn til vestland sitt møte i Fylkesutvalet den 18. februar.

Sunnhordland er ein langstrakt og stor øyregion, som består av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tynes. Her bur 65 000 innbyggjarar. Regionen har eit svært høgt aktivitetsnivå og låg arbeidsløysa. For at næringslivet skal kunne oppretthalde det høge aktivitetsnivået, er regionen avhengig av gode vegar og kollektivtransport.

Det er positivt at hovudtrekka i dagens rutetilbod skal vidareførast, og at ruta framleis blir definert som ei sentral arbeids- og pendlarrute mellom Sunnhordland og Bergen.

Det også positivt at saksframlegget legg opp til:

- Styrking av tilbodet mellom Stord og Kvinnherad på kveldstid
- Bruk av ytre led sikrar at ruta når svært mange på stadar der båten har særlege fortrinn føre alternative reisemåtar
- Anløp i Ølen morgon, ettermiddag og kveld
- Korrespondansetid i Leirvik og betre integrasjon med bussar generelt
- Utsleppskutt, forutsatt statleg medfinansiering
- Det vert lagt opp til intensivordningar for auka turisttrafikk, sjølv om det fortsatt blir lagt opp til fortsatt bruttokontrakt.

Sunnhordlandsrådet vil stille spørsmål ved følgjande punkter:

Nettokontrakt

Det vert fortsett lagt opp til bruttokontrakt. Her er det lagt inn at det skal vera marknaddialog om bonusordningar for auka turisttrafikk. Dette er positivt. Det er likevel uklart kvifor nettokontraktar skal fungere for Sogn, men ikkje for Sunnhordland. Bør ein også i marknaddialog ta med om nettokontraktar fungerer betre, også for arbeidsreisande? Billettprisen er no blitt svært høg.

Storleik fartøya

Sunnhordlandsrådet bed fylkeskommunen om å spesifisert eit minstekrav til kapasitet, stabilitet og beredskap – slik at tilbodet ikkje blir sårbart i ruskevêr, samt at dagens gode regularitet kan vidareførast.

Anløp på Fitjar

Det er ikkje lagt inn anløp eller stjernestopp på Fitjar. Sunnhordlandsrådet opplever at vurderinga kunne vore noko grundigare, men er samd i at hovudreisestraumane skal prioriterast over slik stopp.



Om anløp eller stjernestopp ikkje er aktuelt vil Sunnhordlandsrådet på det sterkaste oppmoda til at busstilbodet mellom Fitjar sentrum og Sandvikvåg ferjekai vert styrka.

Anløp Etne/Vindafjord

Det er tenkt eit fartøy for å betena Etne/Vindafjord, dette vil sei at Skånevik og Ølen blir på same ruta. Det vil medføre ei auka reisetid på 20-30 minutt frå Skånevik for dei turane.

Redusert tal rundturar søndag

Det er redusert frå 4 til 3 rundturar på søndagar. Sunnhordlandsrådet vil presisera viktigheita av at reisetidene må settast opp slik at det høver med helgereiser for skuleelevar og studentar mellom Sunnhordland og Bergen (og vidare derfrå).

Kveldsruta

Kveldsruta er no forskyvd med ein time. Noko som er uheldig for korrespondanse med fly.

Korrespondanse internt

Korrespondanse internt er nemnt som eit mål å styrka. Det vil og vere viktig at Sunnhordlandsruta korrespondera med Sognaruta. Det er ikkje spesifikt nemnt nokon stad.

Sunnhordlandsrådet vonar Vestland Fylkesutval tar regionrådet sine innspel til grundig vurdering i handsaminga av saka den 18. februar.

b) Vern av fjorden

Kommunane Austevoll, Kvinnherad, Stord og Tysnes sendte den 13. februar felles fråsegn angående vern av fjorden. Om det skulle bli aktuelt med ei fråsegn frå Sunnhordlandsrådet, så var dei andre kommunane positive til det.

Samrøystes vedteke:

Sunnhordlandsrådet vedtok samrøystes å stille seg bak ei felles fråsegn på vegne av alle åtta kommunar om det skulle bli aktuelt.

c) Atheno som observatør i møta til Sunnhordlandsrådet IPR

Det er kome innspel på om Atheno kan ha ein observatørpost i Sunnhordlandsrådet. Sunnhordlandsrådet ser positivt på å ytterlegare styrka kontakt med Atheno og næringsaktørane der, men formelt sett er det begrensningar i kommunelova og samarbeidsavtalen mellom kommunane for observatørpostar utanom deltakarkommunar.

Atheno er velkommen til å møta i sunnhordlandsrådet sine møter, då det er opne offentlege møter. Møteplan, sakslister og referat ligg ope for alle, samt at ein kan spele inn saker til AU. Administrasjonen vil passe på å informere Atheno om relevante saker og prosjekt, samt sende dei sakslistene. Sunnhordlandsrådet sin observatør i styret til Atheno vil drøfte med styret i Atheno korleis ein sikrar og vidareutviklar kontakt mellom Sunnhordlandsrådet og Atheno, både gjennom det eksisterande Industrinettverket og om ein skal sjå på andre møtepunkt.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 12.03.2026
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 12.03.2026
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 12.03.2026
- Borg, Trond (24.08.1974), 13.03.2026
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 22.03.2026
- Eriksen, Ruth Grethe Østebøvik (13.10.1963), 23.03.2026
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 24.03.2026

Forseglet av



Posten Norge